

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 08.08. 2012
Sakhandsamar: **Terje Arne Krokvik**
Saka gjeld: **Prosjekt ny straumforsyning ved Haugesund sjukehus**

Arkivsak
2012/317/
Styresak 090/12 B

Styremøte 05.09. 2012

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest godkjenner prosjektet ny straumforsyning ved Haugesund sjukehus med ei samla kostnadsramme på kr 66 mill.
2. Helse Fonna må prioritera og finansiera prosjektet innafor den likviditet som dei klarer å skape gjennom drifta.

Oppsummering

Helse Fonna har behov for å rehabilitere/utbetre straumforsyninga ved Haugesund sjukehus. Den samla kostnaden vil overstige kr 50 mill. som er grensa for investeringar som må godkjennast av styret i Helse Vest. Administrerande direktør vil her tilrå at styret i Helse Vest godkjenner det aktuelle investeringsprosjektet.

Fakta

Helse Fonna starta i 2011 opp arbeidet med å rehabilitere/utbetre straumforsyninga ved Haugesund sjukehus. Prosjektet vart i 2011 kostnadsberekna til kr 47 mill. Etter at bygningsmessige konsekvensar blei fullstendig kartlagde, og tilbod på gjennomføring av oppdraget er motteke, viser det seg at kostnadene vil overstige kr 50 mill.

Styret i Helse Fonna behandla saka i styremøte den 30.05.2012 under sak 42/12 B. Det vart fatta følgjande vedtak:

- 1. Styret tek saka til etterretning. Saka vert sendt Helse Vest RHF etter handsaming i styret i Helse Fonna HF.*

Administrerande direktør i Helse Fonna har oversendt saka til Helse Vest for handsaming av styret i Helse Vest.

Kommentarar

Den samla investeringsramma for prosjektet er no kostnadsberekna til kr 66 mill. I dette inngår det kr 44 mill. til totalentreprise elektro og kr 22 mill. til bygningsmessige tilpassingar/ombyggingar.

Prosjektet er viktig for å sikre ein stabil straumforsyning til sjukehuset. Nødstraumkapasiteten vil og bli dimensjonert for å halde oppe full pasientbehandling, uavhengig av ekstern leveranse.

Prosjektet er tatt med i Helse Fonna sin 5 årige investeringsplan i langtidsbudsjettet. Det er her tatt høgde for ei kostnadsramme på kr 52 mill. over ein 3 års periode for å utbetre det elektriske anlegget. Dette inneber at Helse Fonna må gjere omprioriteringar innafor det totale investeringsbudsjettet slik at ein klarer å handtere det aktuelle prosjektet.

Helse Fonna må handtere alle sine investeringar innafor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta. Det er derfor viktig at dei klarer å innfri resultatkravet som ligg til grunn for investeringsplanen. Dersom føretaket ikkje klarer å innfri resultatkravet, må dei gjere nødvendige tilpassingar og omprioriteringar i investeringsplanen.

Konklusjon

For å sikre at Haugesund sjukehus får ein stabil straumforsyning og tilfredsstillande løysing på naudstraum, vil administrerande direktør tilrå at prosjektet ny straumforsyning blir godkjend med ei kostnadsramme på kr 66 mill. Helse Fonna må prioritera og finansiera prosjektet innafor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta.